


# Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2022



**Lang teneste i Diakonien**

**KM-karane**

**Mi julesalme**



## Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:  
Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:  
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

### Tilsette:



**Aud Jorunn Grønstad Baustad**  
Kyrkjeverje  
kyrkjeverja@etnekyrkja.no  
96 01 68 64



**Randi Frette**  
Kyrkjelydssekretær  
sakshandsamar@etnekyrkja.no  
53 77 11 75



**Egil Larsen**  
Sokneprest i Skånevik  
spresten@etnekyrkja.no  
99 24 18 70



**Elisabeth Vae Haaland**  
Barne- og ungdomsarbeidar  
bau@etnekyrkja.no  
90 06 27 28



**Linda Horne Hjelmtveit**  
Kyrkjegardsarbeidar  
kga@etnekyrkja.no  
47 63 47 77



**Randi Matre**  
Kyrkjelydspedagog  
tru@etnekyrkja.no  
99 64 36 74




**Tone Heide**  
Organist  
organist@etnekyrkja.no  
41 33 64 09

# Frustrert prest

Dette brevet fekk eg frå syskenbarnet mitt, Leiv Kristen Sydnes, som hadde rydda i papira etter bestefar sin, Kristoffer Sydnes.

Han var lengste tida lærar i heimbygda mi, men arbeidde før det fleire stader i Stordalen. Som lærar var han rimelegvis og kyrkjesongar.



Heilt sikkert var han ihuga målmann. Tilsaman gjorde dette han til rett mann å venna seg til i ei slik sak.

Harald  
Grønnevik

### Hr. Lærar Kr. S. Sydnes, Kyrping!

Eg har sokt um aa faa halda gudsteneste i ei av kyrkjene i Etne 3.s.i adv. og i ei av dei andre kyrkjene maandagen etter. Men kyrkjetilsynet negtar meg kyrkjene alle stader, av di den store leit av kyrkjelyden ikkje kan kjenna seg uppbygde med gudst. paa folkemaale! — Presten hev ikkje vore med i avgjerdi.

Kan de ikkje no der nede læra desse kyrkjetilssyni folkeskikk? — Eller kan de 'kje kasta denne ordførar Haaland og setja inn eitt kyrkjetilsyn som er mindre molboagtigt.

Etne er det einast prestekall fraa Lindesnes til Norkap, som stengjer ein prest ute av di han talar norsk.

Bergen 5/12 1910

Med vensam helsing R. Haugom

# Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

*Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!*

*Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.*

*Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.*

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var




Foto: Bjørgvin bispedomekontor

forkomne og hjelpeause, som sauер utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg med-kjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevennen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Hahor Nordhaug

# Glad i folk

Ho blir kalla Hassi blant venner, og dei er det mange av. Heile livet har ho vore saman med folk og særleg godt har ho likt å vere saman med eldre menneske.

Hansine Ljusnes, som ho eigentleg heiter, hadde nyleg Diakoninemnda i Etne sokneråd på besøk. Ho baud på god kaffimat, for å markere at ho gir seg i nemnda og for å feira 80-årsdagen sin. Ho har vore med i Diakoniemnda sitt arbeid i sju år, og det er særleg ei oppgåve ho vil trekke fram. Å leve blomar og helsingar til innbyggjarar som feirar runde og halvrunde dagar etter fylte 80 år, er noko av det kjekkaste ho har vore med på.

- Dei blir så glade når eg kjem, strålar ho og fortel at ho ofte blir invitert inn og får ei kosleg stund saman med jubilanten. – Alt har si tid, held ho fram og fortel at ho no har trekt seg ut av arbeidet til Diakoniutvalet. Ho får likevel ikkje fullrost nok dei oppgåvene utvalet står for. Dei er med på markeringar både ved Hausttakkefesten og Helgemessa i kyrkja. Det har vore ei samling med temaet sorg og årlege arrangement av ein flott eldre-fest. Men strikkekafeen på kyrkjetoget i Etne kyrkje, som og er driven av diakoniutvalet, kjem ho ikkje til å slutte å delta på. Ho likar å strikka og har så mange andre interesser. Ho fortel med engasjement om «Nye-kyrkja», som ho er så glad i og minnest og mykje anna kjekt ho har vore med på opp gjennom tidene, alt frå sauesamlingar på Haukelid til Seniordansen, der ho ikkje skofta ei einaste samling.

Hassi er eit omsorgsmenneske og røper at ho har vore glad i dei gamle, heilt frå ho var liten jente på Frette. Då møtte ungane koselege eldre menneske, som kanskje stakk til dei ei fersk brødkive, kjøpt på butikken. Dette gjorde noko med henne og det vart naturleg å søkje lønna arbeid for eldre seinare i livet, først som heimehjelp og vidare som vaske-



*Hassi Ljusnes er nyleg gått av som medlem i Etne Diakoniutval. – Ekstra kjekt var det å gå med blomehelsingar, seier ho, og oppmodar andre til å ta på seg denne kjekke oppgåva.*

hjelp på Etne sjukeheim. Ho har vidare vore både støttekontakt for eldre og vore med i besøkstenesta til Røde Kors.

Hassi er eit JA-menneske, og stiller opp der ho kan. No har ho likevel kome fram til at andre må få sleppe til i noko av det frivillige arbeidet ho er med på, men ho kjem ikkje til å setje seg ned i ein stol og slappe av. Framleis vil den driftige dama vere med på frivillig arbeid fleire dagar i veka.

- Eg treng å treffe folk, for eg bur jo aleine, poengterer ho. - Kan eg vere saman med eldre menneske og i tillegg vere i aktivitet, er det topp. Onsdagstrilleturar for sjukeheimen og trimmen på «Ståvo», på Etne bustad-

skiping, legg ho ikkje på hylla. Ho likar å røre på seg. Når bilen ikkje gjekk gjennom EU-kontrollen, parkerte ho den like godt. No er det sykkelen og føtene som gjeld. Ho er ofte å sjå på tur saman med veninner eller dei to søstrene sine, som og bur nær Etne sentrum. To dagar i veka er ho og å finne på treningsenteret i Etne. Ho held seg i form.

No står jula for døra og ho ser fram til å vere saman med familien. Sju barnebarn og sju oldebarn har det blitt.

- Det er høgtida og det å vere saman eg gler meg til. Ekstra stas er det når det er barn med på sjølvaste julekvelden, smiler ho og viser oss alle dei fine familiebileta i den lune stova si i Planteskulevegen. Ikkje rart at denne dama har venner.

*Gerd Elin L. Kringlebotten*



The image is a photograph of two young children, a boy and a girl, smiling. The boy is on the left, wearing a blue and white patterned sweater. The girl is on the right, wearing a red and white patterned sweater. They are standing in front of a blurred background of pink flowers. In the top left corner of the image, there is a logo for 'Bufetat' featuring a stylized face.

**Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem?**  
**Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.**

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.  
Mer informasjon om fosterhjem på [fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)

## Folkedansmessa «Träd in i dansen» med Prosjektkoret i Etne

Koret i Etne kyrkje øver onsdagar 19.30-21.00 og er godt i gang med øvingar fram mot folkedansmessa som me skal framföra i juni.

Me slår oss då saman med koret «Sanctus» frå Nysæter.

Ei viktig brikke i messa er dansarar frå Stord ungdomslag som dansar til fleire av ledda i messa.

Ei lita gruppe strykarar står for musikken.

Laurdag 10.juni møtest alle desse ulike gruppene til generalprøve før framföring søndag 11. juni kl 11.00 i Nysæter kyrkje, Stord og kl 19.00 i Etne kyrkje.

Sjølv om me er godt i gang med øvinga, er det ikkje for seint å bli med på dette kjekke prosjektet. 11.januar startar me opp att etter julefeiringa – då er det berre å koma innom!

Ta evt kontakt med organist Tone på tlf. 41 33 64 09!

# KM-karane



*KM-karane rundt velduka kreldebord på Sørstrondo.*

Me møter og kjenner dei helst fint oppdressa som songarar, men dei starta som ein dugnadsgjeng i 1992. Haugaland krins av KFUM-KFUK hadde kjøpt det gamle Hotell Utsikten og ungdomslaga i Etne spurde etter ei støttegruppe av vaksne folk.

Dette arbeidet har lange røter i Etnebygda. Laga i Nordbygda og Sørbygda blei begge stifta med kort mellomrom rundt 1915.

Eg treffte dei på Sørstranda forsamlingshus som er ein av deira faste møteplasser, og nytte i ein times tid ein frodig samtale med om lag 20 godt vaksne mannsfolk om det dei har drive og driv med.

«Me e'kje kor», seier dei. Så då vågar eg ikkje kalla dei det. Men syng gjer dei, og gleder mange med det. Bygder vidt omkring i Sunnhordland og på Haugalandet har fått av deira udiskutable songglede på møter, basarar og julefestar. I 2006 tok dei endå til steget inn på platemarknaden med eigen CD.

Dei første åra spela Astrid Kringlebotten piano til songen, seinare og Torunn Mæland og Edvard Fatland. Og frå 2010 var Sigrid Klungland dirigent. Nett no saknar dei ei fast musikalsk leiing, men Stein Gunnar Sandvik og Jørgen Hopland trakterar trekkspel attåt. Likevel tek dei svært gjerne imot ny musikalsk leiari og ein pianist. Gitar og bass ville

og vera fint.

Songen tok ikkje heilt over. Lista over praktiske prosjekt gjennom åra er lang:

Dei har gjort dugnad på Etnemarknaden, og i nokre år bygde dei og etter ein ide av Knut Molnes eit lite kapell som kunne tena som eit stille rom på den hektiske marknadsplassen.

Til speidarane i Haugaland krins laga dei tu-senvis av staur til lavvoar. Like frå Bykle henta dei.

Tonnevis av telefonkatalogar har dei køyrt ut, og Bilmakatalogar. No fresar dei rundt i Etne kommune med den noko tynnare trykksaken som eg sit og skriv til no. Kyrkjeposten.

Fyll opp tankane, guitar – julenummeret er snart klart!

Utsiktenbasaren som dei heldt fram til for få år sidan, skaffa på det meste 50 000 til det gode formålet. Mykje av gevinstane laga dei sjølv i den fine snekkarverkstaden sin, som starta 1992 i Sion, og som eg nett no har inspisert på Sørstrondo.

Granberg garveri i Ølensvåg har dei forsynt med trestativ til å hengja skinn på. For å ha nemnt noko.

Nokre inntekter har det sjølv sagt blitt av denne hektiske aktiviteten, og utanom nødvendige huskostnader, har dei støtta nyekyrkja i Etne og oppgradering av bedehuset. Pianoet i kyrkja er ei gáve frå KM-karane.

Men ikkje minst er dei ein kameratgjeng og eit ope

og inkluderande fellesskap for mannsfolk.

Jon Aarekol fortel at han i si tid, då han kom til Etne, byrja i KM-karane for å koma inn i eit miljø og bli kjend i bygda.

Reiselysta har og teke dei ut frå bygda, innanlands til Nordfjord og Rjukan, og utanlands til Danmark og Bornholm. Det seiest at nokre, også den danske reiseleiaren Klaus Muff, undrast om KM-karane er oppkalla etter han.

No går det mot jul, og karane ser igjen fram mot det årlege julebordet, der og damene får vera med. Og eg tenkjer at denne mangfoldige, imponerande kameratgjengen av herremenn godt over 60, dei fortener sanneleg den festen.


Før eg reiser meg frå det velduka kveld bordet, fortel dei om fleire namneskifte undervegs, frå Frilurarane, via Utsiktens Vener fram til KM-karane, som nok er det aller beste. Stemn vidare med det, karar! Og takk for ei hugnadsstund i godt lag!

*Harald Grønnervik*




*Deltaking på Kulturnatt i Etne i 2009*

# Juleeva



# ngeliet



**Teikningar  
av elevar  
i 4. klasse ved  
Skånevik Skule**

# Ny sokneprest

Kari Vik Stuhaug er tilsett som ny sokneprest i Etne etter Per Hjeddal, som sluttar i stillingen i haust. Kari har dei siste 6 åra vore sokneprest i Ølen og Bjoa og er busett

på gard midt mellom Ølen og Sandeid. Vi er svært glad for at Kari har takka ja til stillingen og ønsker henne hjartelig velkommen til Etne. Den nye sokne-presten blir innsett i Etne kyrkje søndag 19. februar. Vi vil komme tilbake til fyldigare presentasjon i neste nummer.



# KRIK

I haust tok eg kontakt med tenåringar frå åttandeklassen i Etne og spurde om det var ungdomsaktivitet dei folte mangla i bygda, og som me kunne prøve å få satt i gang. To møter vart gjennomført, eit med jentene og eit med gutane for å samle så mykje innspel og tankar som mogeleg. Begge gruppene kom fram til at det hadde vore kjekt om KRIK hadde starta opp att. Då var me i gong!

Tenåringane styrer og ordnar det meste sjølv, dei har hatt to KRIK samlingar så langt, der ungdommar frå 7. klasse og oppover har delteke. Samlingane er i Etne kyrkje og består av leik, quiz, spel, mat som dei lagar sjølv og kiosk. Det er vaksne som står for innkjøp og som er tilgjengeleg i kulissane dersom ungdommane treng hjelp til noko. Leiargruppa er flinke og ivrige så det vert særspanande å sjå korleis dette utviklar seg vidare.

*Elisabeth Vae Haaland*

# Konfirmantarbeidet hausten 2022

I haust stod me utan prest i Etne så då måtte me tenka nytt. Så veldig «nytt» var det kansje ikkje, for fleire av oss hugsar godt at me som konfirmantar hadde gruppесamlingar i heimar rundt omkring i bygda.

Så då gjorde me det! Konfirmantane harhatt nokre felles samlingar i kyrkja og nokre sam-

lingar delt opp heime hos frivillige folk i kyrkjelyden.

Sokneprest Egil Larsen har halde ein undervisningstime, prost Svein Arne Theodorsen to timer og Steinar Frønsdal ein time. I tillegg har det vore to gruppесamlingar i heimar.



## Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

**Velkomen innom for ein god handel!**



# BARNAS

## Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø




Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på sondaqskolen.no  
eller 22 08 71 00



## Fargelegg!



## Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
Teikning: Asbjørn Tønnesen



# Takk til våre annonsørar!

# Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



SparebankenVest



 LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv  
Studiespesialisering  
IT og medieproduksjon  
Påbygging til generell  
studiekompetanse



 Misjonssambandet  
skoler



**GRAVSTEIN**



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.  
[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

# Gudstenestekalender



1. jan	12.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
8. jan	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
15. jan	11.00	Etne	Gudsteneste	Harald Grønnevik
22. jan	11.00	Gjerde	Familiegudstenest	Egil Larsen
29. jan	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
5. febr	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
12. febr	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Harald Grønnevik
19. febr	11.00	Etne	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
26. febr	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Ikkje fastsett
26. febr	17.00	Frette	Gudsteneste	Ikkje fastsett
5. mars	11.00	Etne	Gudsteneste	Ikkje fastsett
5. mars	17.00	Fjæra	Gudsteneste	Ikkje fastsett
12. mars	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Ikkje fastsett
12. mars	19.00	Etne	Gudsteneste	Ikkje fastsett
19. mars	11.00	Stødle	Gudsteneste	Ikkje fastsett
26. mars	11.00	Etne	Familiegudstenest	Ikkje fastsett
26. mars	17.00	Skånevik	Familiegudstenest	Ikkje fastsett
2. april	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen

## Kontinuerleg barne og ungdomsarbeid i kyrkjene og bedehusa våre:

### Søndagsskule Etne

På Enge bedehus under gudsteneste.

og Etne Soul Kids (1.-3.klasse)

### Etne kyrkje

Annankvar torsdag kl.17.45-19.15

### Tripp trapp treff Etne – etter skuletid

Annakvar tysdag kl. 13.30- 15.30.

### Etne fredagsklubb 1.-7. klasse

Annankvar fredag kl.18.00-19.30

### Tripp trapp treff Skånevik – etter skuletid

Annakvar onsdag kl.13.00- 15.30

### Skånevik fredagsklubb 1.-7. klasse

Annankvar fredag kl.18.00-19.30

### Etne Soul Children (4.-10.klasse)

### KRIK Etne kyrkje 7.-10. klasse

Annankvar fredag kl.19.45-22.00

## Trusopplæringstiltak våren 2023

### Babysong i Etne Kyrkje

Kvar torsdag frå kl. 12-14.

### i Skånevik

Tre samlingar og utdeling av bok på  
gudsteneste 26. mars kl 17.

### Tårnagentar – 8 åringar i heile kommunen

Ei samling i Gjerde kyrkje laurdag kveld  
21. januar og tårnagent-gudsteneste søndag  
22. januar kl 11.

### Mi kyrkjebok 6 og dåpsskule - 6 åringar i Etne

Tre samlingar og utdeling av bok på  
gudsteneste 26. mars kl 11.

### Mi kyrkjebok 6 og dåpsskule - 6 åringar

## Livets gang

### ETNE

#### Døypte:

- 18.09. *Ulrik Stople Aasheim*  
*Nikolas Eide Tvedt*  
*Leonora Birkenes*
- 25.09. *Gunvald Særsten Oltedal*
- 23.10. *Live Seim*  
*Helle Hundseid*
- 13.11. *Henny Sævareid*  
*Kallestadbakken*
- 26.11. *Kristian Fosshaug-Gravelsæter*
- 04.12. *Mari Solberg Flatebø*

#### Gravlagde:

- 01.09. *Aage Kjell Osvåg*
- 02.09. *Astrid Johanne Tesdal*
- 23.09. *Sigrid Natalie Grønstad*
- 30.09. *Erling Vee*
- 25.10. *Torleiv Børve*
- 27.10. *Svanhild Hilda Grundberg*
- 09.11. *Olav Grønstad*
- 17.11. *Reidun Lovise Ronæs*

## Vil du ha ei

Vil du vera med og gi Etne og Skånevik gode sokneråd? Eller kjenner du nokon som kan bli utfordra til å sitja i vårt sokneråd?

Neste haust er det kyrkjeval. Det betyr at me skal velja nye sokneråd i kyrkjelydane vår.

Soknerådet møtest ca. 8 gonger i året, og soknepresten er medlem, i tillegg til 6 - 8 valde medlemmar.

I våre kyrkjelydar er me særleg opptatt av desse sakene:

- Barne- og ungdomsarbeid
- Diakoni
- Gudstenester for alle
- At kyrkja er ein god plass å vera

Rådet lagar også planar innan ulike område, og er med på å legga dei overordna føringane for gudstenester og konfirmasjonsundervisning, for å nemna noko.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt

## Etne kyrkje 10 år

1.september er Etne kyrkje 10 år. Då blir det jubileumshelg med arrangement for små og store. Soknerådet ønskjer innspel og forslag til gode tiltak for feiringa.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?  
Ta kontakt med kyrkjekontoret!

# t godt råd?

å vera med i soknerådet.

*Vil du vera med på laget?*

Kontakt leiarane i sokneråda Astrid Askeland Johnsen (Skånevik) eller Anne Jorunn Lindevik (Etne) om du lurer på noko eller har lyst å stilla til val.

Kandidatar til soknerådsvalaet må me ha på plass innan 31. mars, valet er 11. september.

Sjå på kyrkja.no <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/vil-du-stille-til-valg/menighetsradsvalg-sokneradsvalg/>

# Kyrkjevalet 2023

## Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder  
seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»

## Livets gang

### SKÅNEVIK

#### Døypte:

*28.08. Amanda Ribesen  
09.10. Håvard Regelstad Tendal*

#### Gravlagde:

*09.09. Sigmund Sæle  
06.10. Arne Hetlefåt  
06.12. Elisabeth Leknes*

# Mi julesalme



© F/11 Foto Sondre Gunleiksrød

Mer spør Alf Warloe Christophersen om å velja ein julesalme som betyr noko spesielt for han. Og utan å nøla lenge, landar han på «Deilig er jorden».

Jula sitt høgdepunkt er å koma til Skånevik kyrkje julafsta ilag med familie og bygdefolk.

Å stå og syngja denne salmen før me går heim, er ei mektig avslutning på gudstenesta og ein god inngang til julefesten.

Deilig er jorden,  
Prektig er Guds himmel,  
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!  
Gjennom de fagre  
Riker på jorden  
Går vi til paradis med sang.

Englene sang den  
Først for markens hyrder;  
Skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden,  
Menneske, fryd deg!  
Oss er en evig frelser født!

B. S. Ingemann 1850

Tider skal komme,  
Tider skal henrulle,  
Slekt skal følge slekters gang;  
Aldri forstummer  
Tonen fra himlen  
I sjelens glade pilgrimssang.